Hjartdal kommune

Samfunnsutvikling

Saksbehandlar:
Helle Solberg

Saksnummer:
2021/439- 15

Dato:
09.01.2025

«MOTTAKERNAVN»
«Adresse»
«POSTNR» «POSTSTED»
«UtlandsAdresse»
«KONTAKT»

Høyring og offentleg ettersyn av kommunedelplan for kulturmiljø - kulturmiljøplanen - Hjartdal kommune

Formannskapet vedtok den 02.12.2024 sak 2021/439 å legge forslag til kommunedelplan for kulturmiljø – kulturmiljøplanen på høyring og offentleg ettersyn, i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-14.

Føremålet

Føremålet med planforslaget er å ha oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø i kommunen, samstundes er det eit viktig verktøy for forvaltninga av desse. Planen gjev kunnskap om fortida og avklarar bevaring om kva kulturminne/miljø ein vil taka vare på i framtida.

Viktige punkt i ein kulturmiljøplan er:

- Skildring av og kart over dei viktigaste kulturminna i kommunen
- Forslag til forvalting og skjøtsel av desse kulturminna
- Korleis kulturminna skal integrerast i kommunal planlegging og verksemd
- Handlingsdel med tiltak for gjennomføring av planen sine målsettingar

Kulturmiljøplanen for Hjartdal må sjåast i samanheng med kommuneplanens samfunnsdel, arealplanen, og reguleringsplanar, arbeidet med UKL Svartdal og Hjartdal, samt planverk, vedtak eller lovverk som omhandlar kulturminne.

Planprosessen

Kulturmiljøplan er ein del av planstrategien for 2021-2023 som blei vedteke i kommunestyret i desember 2020. Arbeidet med kulturmiljøplanen starta opp i 2021, planprogrammet vart sendt ut på høyring i mars 2021 og fastsett av kommunestyret den 05.05.2021.

Planen vart lagt fram til 1.gongs behandling i formannskapet 02.12.2024.

I høyringsperioden vil det bli halde eit opent informasjonsmøte om innhaldet i planforslaget. Møtetidspunkt vert annonsera på kommunen sine heimesider.

Planforslaget, saksprotokoll frå formannskapet 02.12.2024 og tidlegare fastsett planprogram er vedlagt høyringsbrevet her, samt er lagt ut på kommunen sine heimesider.

Etter høyringsfristen sitt utløp vil alle innspel bli vurdert og lagt fram for endeleg handsaming i formannskap og kommunestyre.

Fristen for å koma med innspel både til planforslaget er **satt til 28.02.2025.**

Skriftleg innspel sendast til postmottak@hjartdal.kommune.no

Med helsing

Helle Solberg

Samfunnsutviklar - landbruk

Dokumentet er signert elektronisk

Vedlegg:

1 Planprogram kulturmiljøplan Hjartdal
2 1.gongsbehandling - høyringsforslag - kommunedelplan for kulturmiljø - kulturmiljøplan for Hjartdal kommune
3 Kulturmiljøplan Hjk_Utkast3_lita fil

Mottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

SELJORD KOMMUNE

TINN KOMMUNE

NOTODDEN KOMMUNE

RIKSANTIKVAREN

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

HJARTDAL HISTORIELAG

KULTURLANDSKAPSSENTERET I TELEMARK AS

HJARTDAL OG NOTODDEN BONDE OG SMÅBRUKARLAG

HJARTDAL BONDELAG

FORENINGEN TIL NORSKE FORTIDSMINNESMERKERS BEVARING TELEMARK AVDELING

BRATTEFJELL-VINDEGGEN VILLREIN- OG UTMARKSUTVAL

VERNEOMRÅDESTYRET FOR BRATTEFJELL-VINDEGGEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE